

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 18/320 -
Arkivkode: 632

Sakshandsamar: Øystein Svalheim

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 65/18	LANDBRUK/TEKNISK	05.06.2018

FORVALTNINGSPLAN FOR GJESS

**Vedlegg: Forvaltningsplan for gjess
Høyringspartar**

SAKSUTGREIING:

Arbeidet med forvaltningsplanen byggjer i stor grad på forvaltningsplan for gjess i Hordaland (Steinsvåg 2008), samt gåseskadar som grunneigarar sjølve har innrapportert til kommunen. Nyttige føringar i arbeidet har elles kome frå Tysnes kommune.

Det er registrert ein stor gåsebestand på Tysnes dei siste tiåra. Samstundes har talet på innrapporterte skadar i høve til landbruks- og friluftssinteresser auka monaleg. Skadane som følgjer gås er redusert avling pga. beiting, men også redusert for- kvalitet grunna tilgrising med avføring. Omfanget er omfattande, og fører til økonomisk tap for bøndene. Der finnast bestandsregulerande tiltak som for eksempel eggssanking, jakt, skadefelling, samt skremme og friområder i ein kombinasjon. Det finnast også kompensasjon i form av SMIL tilskot og/eller viltfond.

Vurdering:

I brev datert 29.05.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland står det skreve; «Friområdet er ikkje lenger eit absolutt krav for å få lokal forvaltningsplan godkjent av Fylkesmannen».

Sjølv om vi ikkje har gjort avtale med grunneigarane på meir enn eitt område er det vår vurdering at dei føreslåtte områda kan fungere som friområde. Det er her viktig å tenkje på tvers av eigedomsgrensene, og oppmode til samarbeid mellom naboar. Vi vel å føreslå desse områda som friområder og skremmeområder på grunnlag av ei fagleg vurdering.

Gjennom ordningar som spesielle miljøtiltak i landbruket «SMIL» og det kommunale viltfondet kan ein søkje midlar til bestemte tiltak. Tiltak som det finst tilskot til er oppsetting av gjerde for å hindre fysisk tilgang til dyrka mark (viltfond), samt tilskot for friområde (SMIL). Friområde

er ikkje nemnt i gjeldande «SMIL» strategi, men ordninga opnar for å søkje om «andre tiltak». Tilskot til friområde er meint for å auke grasproduksjonen i desse områda og kompensere for avlingstapet gåsa gjer. Når det gjeld å bruke viltfondet er dette uproblematisk.

Det finst ei rekkje andre tiltak som er nemnt i planen, for eksempel jakt, skadefelling, eggssanking og bestandsovervaking. Kontrollert eggssanking, kanskje i kombinasjon med reirkartlegging, trur vi kan vere eit effektivt tiltak på Tysnes. Dette krev ein god strategiplan for at gjennomføringa skal vere ein suksess.

Når planen er vedtatt kan ein truleg få ei forvaltning som er meir oversiktleg og ryddig. Planen gjer det og lettare å praktisere og forsvare tiltak. Det gir også moglegheit for tidlegare jakt, sjølv om det ikkje er sikkert at det er løysinga for Tysnes. Det kan vere at dette fører til at gåsa reiser endå tidlegare frå Tysnes, men at dei framleis gjer mykje skade på tida det ikkje er lov til å jakte.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune sender Forvaltingsplan for gjess i Tysnes kommune på høring.

Vedtaket har heimel i Forskrift om jakt og fangsttider

VEDTAK I LANDBRUK/TEKNISK 05.06.2018:

I samsvar med innstilling.